



BØMLO KOMMUNE
Rådhuset Leirdalen 1
5430 BREMNES

Saksbehandlar, innvalstelefon
Frida Halland, 5764 3128

Uttale - høyring - reguleringsplan - Bømlo 109/320 m fl - Svortlandsjøen - 202302


Vedkjem oversending dagsett 5.9.2025. Hovudføre målet med planforslaget er å legge til rette for vidare bygging av naust med tilhøyrande kai, småbåtanlegg, tilkomst og parkering. Høyringsfrist er sett til 20.10.2025

Statsforvaltaren si vurdering

Planområdet er om lag 8,9 daa stort og består i hovudsak av areal sett av til bruk og vern av sjø og vassdrag, veg, annan veggrunn og parkering, i tillegg til bustad og føremålet med planen – naust. Det vert lagt til rette for 4 nye naust i planen. Planområdet er avgrensa til tidelegare regulert areal for naust, tiltakshavar sine eigedomar og behov for infrastruktur og heilskap i området.

For å sjå heilskap i område rår Statsforvaltaren til at planar inneheld tilgrensande utbyggings-/arealføremål, ikkje berre infrastrukturen til dette, slik at planstyresmakta reelt kan ta stilling til alternativvurdering og -plassering.

Vi rår elles kommunen til å vere varsam med å nytte område av høg verdi, slik som strandsone, til areal som kan leggjast lenger vekk frå sjø, til dømes parkering. Då parkeringa både er i samsvar med eldre plan og er utbygd (planert og asfaltert) vil vi ikkje rå frå dette her, men vi gjer merksam på at dette er ein arealbruk vi elles brukar rå frå.





Med helsing

Sarah Kvåle Skouen
fungerande seksjonsleiar

Frida Halland
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent